

Førarrett for traktor - gjeldande reglar og moglege endringar med tanke på å gjere det enklare å skaffe seg rett til å køyre traktor som går inntil 50 km/t

Etter innspel frå Norges Bondelag, som ynskjer ei endring av krava som gjeld for å køyre traktorar som går over 40 km/t, har Samferdselsdepartementet bede Vegdirektoratet sjå nærmare på reglane om førarrett for traktor og utarbeide høyringsframlegg til endring.

Slik vi forstår på bakgrunn av brev og møte, er det fyrst og fremst to grunnar til at Norges Bondelag ber om endringar i regelverket:

- Strukturendringane i landbruket aukar behovet for effektiv transport mellom eigedommane, og det er eit ynskje om i større grad å gå til innkjøp av traktorar som går inntil 50 km/t.
- Det finst alt fleire tusen traktorar i landbruket som er konstruert for høgare fart enn 40 km/t.

For å køyre traktor som går over 40 km/t, er det nødvendig å ha førarkort i klasse C eller CE. Å ta førarkort i desse klassane blir sett på som relativt omfattande og dyrt, og blir opplevd som lite formålstenleg.

Vi gjer framlegg om ei ordning med utvida førarrett for traktorar som går høgst 50 km/t etter fullført tilleggsopplæring. Som det går fram av denne vurderinga, vil vi på same tid peike på at mange av utfordringane og kostnadene som gjeld effektiv transport i landbruket ikkje utan vidare blir løyst ved å endre førarkortreglane.

1. Vurderingar som vart gjort før gjeldande reglar vart innført frå 1. januar 2005

I samband med utvikling av ny føraropplæring i tida før 2005 vurderte ei eiga arbeidsgruppe krava til førar av traktor og motorreiskap. Nokre utdrag frå rapporten arbeidsgruppa leverte:

«Bakgrunn.

Det har over lang tid skjedd en utvikling når det gjelder størrelse på traktorer og tilhengere. Dette dreier seg om både tillatt totalvekt og tillatt konstruktiv hastighet på disse kjøretøyene. Dette har medført at dagens førerkortforskrifter for traktor ikke lenger er tilpasset dagens største og raskeste kjøretøyer. Utviklingen viser at flere enn tidligere bruker traktorer, for eksempel i bygg- og anleggsbransjen, entrepenørbransjen, drift- og vedlikeholdsbransjen. Traktorer med tilhengere som vi ser på vegnettet i dag kan være i størrelse 14 000 kg tillatt totalvekt, og tilhengere til traktorer kan ha totalvekt opp mot 30 000 kg. Tilhengerne kan være dumperkasser, maskintraller og store tre-akslete lastebilslepvogner som delvis er ombygd fra lastebil-til traktorslepvojn.

Ut fra dagens førerkortforskrifter kan en 16-åring kjøre hvilket som helst traktorvogntog på offentlig veg hvor det bare er de tekniske tillatte aksel- og totalvekter til kjøretøy og vegens vektbegrensninger i veglisten som setter begrensning.»

.....

«Premisser:

Teknisk

Kjøretøyet er i dag to typer traktorer:

1: Jordbruks- eller skogbrukstraktor. Denne har maksimal konstruktiv hastighet 40 km/t i dag.

2: Traktor

Når begge disse typer traktorer blir registrert, blir de i dag registrert som traktor uavhengig av konstruktiv hastighet.

Nytt traktordirektiv (2003/37), ennå ikke gjennomført i Norge, sier at det i fremtiden vil være 5 typer traktorer: T1, T2, T3, T4 og T5. De fire første vil være det som vi i dag kaller jord- og skogbrukstraktorer med konstruktiv hastighet ikke over 40 km/t.

T5 har konstruktiv hastighet på over 40 km/t og det er ikke satt noen hastighetsbegrensning.

For Norge vil i hovedsak T1 og T5 være dominerende. De andre typene er spesialtraktorer som liten grad vil være aktuelle for Norge.

Førerkort

Traktorer er ikke omfattet av EUs førerkortdirektiv.

Mengde

I 2002 var det ca. 2500 personer som ervervet førerkort i klasse T

I 2003 var det ca. 2300 førerprøver i klasse T

Tidligere høringer

Forslag til førerkortforskrift var ute på høring våren 2002. Det har kommet flere høringssvar som tas med i vurderingene.

Statens vegvesen har gjennomgått alle høringssvar som kom inn etter høringsrunden våren 2002. Som en kort oppsummering av disse trekkes frem at 40 km/t er begrensninger som de fleste høringsinstanser er enige om.

Vurdering av to førerkortklasser

To førerkortklasser for traktor med to forskjellige førerprøver er ikke så lett å gjennomføre i praksis.

En annen måte å differensiere krav til de to klassene på er å sette krav om erfaring for de største og opplæring for de hurtigste traktorene.

Vekt

Når en i det etterfølgende vurderer hvor tung traktor eller hvor tungt vogntog en kan føre med de forskjellige alternativer, skal en være klar over at forskriften generelt bruker begrepet «tillatt totalvekt» for å skille mellom klassene. Traktorer har stor tillatt totalvekt fordi de er konstruert for å bære redskaper både foran og bak. Hvor stor tillatt totalvekt en kan ha i forhold til traktorens egenvekt varierer noe fra traktormerke til traktormerke. Det som i dag kan kalles en middels traktor er på ca. 80 kw og har en egenvekt på ca. 4 600 kg, men har tillatt totalvekt på ca. 7 900 kg.»

Av rapporten går det også fram kva dei enkelte medlemmene av arbeidsgruppa meinte. Her tek vi med synet til representantane for Norges Bondelag, Autoriserte Trafikkskoler Landsforbund (ATL) og Statens vegvesen:

«Norges Bondelag (NB)

Representant fra NB mener prinsipielt at det ikke bør være noen hastighets- eller vektbegrensninger i klasse T, men at en begrenser dette etter alder eller hvor lenge en har hatt klasse T. NB mener at det ville være forståelig at en ikke skulle kjøre alle typer traktorer med traktorførerkort. Et slikt traktorførerkort medfører at kravene til opplæring skjerpes. NB innser at andre forhold må vektlegges, blant annet at krav til førerens helse må være strengere for de raskeste traktorer og at traktorførerkortet må ha to klasser. Skal det settes en hastighetsbegrensning bør den ikke være under 50 km/t. Traktor med konstruktiv hastighet ikke over 50 km/t er i praksis en traktor som i utgangspunktet er konstruert for 40 km/t, men som med en enkel endring fra fabrikken er konstruert for å gå 50 km/t og som tilfredsstillende andre de tekniske kravene til en traktor som går 50 km/t.

Kjøreegenskapene for denne traktoren i landbruket er derfor nesten identiske med en traktor som går 40 km/t. NB påpeker at det har skjedd en endring i landbrukspolitikken slik at samdrift, forpaktning og maskinsamarbeide blir mer og mer aktuelt og øker transportlengden mellom arbeidsteder i landbruket. Samdrift, forpaktning og maskinsamarbeide gjør seg gjeldende innenfor en radius på ca. 5 mil, opplyser NB. Tilbakelegger en 5 mil i 50 km/t istedenfor 40 km/t sparer en 15 minutt. Imidlertid vil en besparelse på 15 minutt pr. tur bety mye om en kjører denne strekningen ofte. Det er et ønske å kunne forflytte seg raskt i travle onnetider. Dette har medført at mange har investert i raske traktorer (T5). Krav om klasse CE for traktorer som går 50 km/t vil påføre næringa unødige kostander og vil utelukke mange på grunn av strengere helsekrav til klasse C.

NB vil påpeke at de foretrekker en generell hastighetsgrense på 50 km/t i førerkortforskriftene.

Videre ønsker NB at ordningen en også har for førerrett i klasse T ved ervervelse av klasse B videreføres, men er åpen for å gjøre noen begrensninger vedrørende hastighet og tillatt totalvekt.

ATL

Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund mener at førerretten til klasse T bør hastighetsbegrenses til 40 km/t. ATL ønsker også å gi en begrenset førerrett til traktor i klasse BE. ATL er også opptatt av at det stilles strengere krav til førere av hurtiggående traktorer (T%) og mener at førerrett for denne type traktor, av trafikksikkerhetsmessige hensyn, legges under klasse C, CE.

Statens vegvesen

Vegvesenets representant ønsker i størst mulig grad «rene» førerkortklasser. Det betyr at en ikke skal få førerrett i annen klasse en det en har førerkort for. Videre ønskes et klart skille mellom 16 åringer og de største traktorene ut fra både vekt og hastighet. Når det gjelder de aller raskeste traktorene, det vil se de over 40 km/t, ønskes at førere av disse får en opplæring som er tilnærmet lik opplæringen som gis i de tyngre lastebilclassene. Det betyr videre at en ønsker å legge førerretten til raske traktorer til de tunge førerkortklassene C og CE.

Dette for at en skal få en opplæring og forståelse av risiko med å forflytte store, tunge og raske kjøretøy uavhengig om det er traktor eller lastebil.

.....

Det vil videre være en stor fordel om en kan få en hastighetsbegrensning som er generell både på førerkortsiden og den tekniske siden. Dette for at regelverket skal bli så enkelt som mulig å forstå for brukere. EUs traktordirektiv indikerer at 40 km/t kan være en slik hastighetsgrense. Begrenset førerrett til traktor og motorredskap bør legges til klasse BE. Dette fordi en da vil få opplæring med tilhenger i trafikale situasjoner. En vil også kunne samordne klasse T og BE når det gjelder teoriundervisning som for eksempel sikring av last.»

Samla uttrykte arbeidsgruppa seg slik:

«Arbeidsgruppen

Det er viktig å tilrettelegge for brukere. Ut fra dette er arbeidsgruppa villig til å se bort fra ønsket om rene førerkortklasser når det gjelder traktor og motorredskap. Begrenset førerrett for traktor bør legges til klasse B eller BE ut fra en helhetsvurdering av generelle forskrifter og læreplaner.

Arbeidsgruppa ønsker et regelverk som er så enkelt som mulig. Hensynet til trafikksikkerhet gjør at det ikke er mulig å få dette så enkelt som dagens førerrett i førerkortklasse T. Videre ønskes en generell hastighetsgrense som kan kjennes igjen i flere sammenhenger.

EUs traktordirektiv indikerer at 40 km/t kan være en slik hastighetsgrense.»

Arbeidsgruppa kom med framlegg til nye forskriftskrav T som i all hovudsak var dei krava som gjeld i dag:

- klasse T skulle gjelde for traktorar og tilhengar som går høgst 40 km/t
- det skulle vera lov til å kjøre med tillaten totalvekt avgrensa til 25 000 kg til ein hadde to års erfaring eller var fylt 21 år
- klasse BE skulle også gjelde for traktor og tilhengar med samla tillaten totalvekt på 25 000 kg
- klasse C1, D1 og D skulle ikkje gje lov til å køyre traktor

Det var dissens i gruppa. Noregs Bondelag og Maskinentreprenørenes Forbund meinte at dei som hadde hatt førarrett i klasse T i to år eller tok slikt førarkort etter 21, skulle ha lov til å køyre traktorar som går høgst 50 m/t, og klasse B skulle gje rett til å køyre traktor med tilhengar som går høgst 40 km/t og har samla tillaten totalvekt inntil 25 000 kg. Sidan desse var mindretalet, måtte synspunkta deira vike for fleirtalet.

Framlegget til nye forskriftskrav var til høyring sommaren 2004. Norges Bondelag, Maskinentreprenørenes Forbund, Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund, Politidirektoratet, Norges Automobilforbund, Trafikkforum, Statens vegvesen Region aust, Statens vegvesen Region vest, Sørby Trafikkskole og Øyvind Bakke kom med høyringskommentarar. I oppsummeringa skriv Vegdirektoratet avslutningsvis:

«Forslagene fra MEF og Norges Bondelag var kjent og diskutert i arbeidsgruppa der disse deltok, og som har vært et viktig ledd i forarbeidet til høringsforslaget. Dissens fra disse er også tatt med i høringen. Selv om dissensen er synliggjort, er det liten tilslutning fra andre høringsinstanser. Vegdirektoratet mener forslaget er gjennomtenkt og en har lagt vekt på trafiksikkerhet og et enkelt regelverk. Det er langt på veg tatt hensyn til næringens interesser og behov.»

2. *Kva er mogleg innanfor gjeldande norsk regelverk når det gjeld å køyre traktorar av ulik storleik og med ulik konstruktiv fart, utan og med tilhengar.*

- *Med førarkort klasse B eller T frå før 1. januar 2005 kan ein køyre alle traktorar med eller utan tilhengar, jf. Vedlegg 5 § 3 og Vedlegg 6 § 5 til førerkortforskriften.*

Har ein teke førarkort i klasse B (personbil) eller klasse T (traktor) før 1. januar 2005 kan ein køyre alle slags traktorar med eller utan tilhengar uavhengig av kva slags fart dei er konstruert for, og uavhengig av samla totalvekt, så langt andre reglar enn førarkortkrava ikkje set grenser for dette

- *Med førarkort for klasse B frå etter 1. januar 2005 kan ein køyre traktorar som er konstruert for å gå både saktare og fortare enn 40 km/t så lenge*

tillaten totalvekt er høgst 3500 kg og tillaten totalvekt for tilhengaren er høgst 750 kg, alternativt største sum tillaten totalvekt høgst 3500 kg, jf. § 3-5 andre ledd i førerkortforskriften.

Dette alternativet er lite relevant med tanke på rask transport i landbruket. Traktorar som har tillaten totalvekt høgst 3500 kg er lite vanleg no til dags, og vi kjenner ikkje til at nokon slik er konstruert for å gå meir enn 30-40 km/t.

- *Med førarkort klasse BE frå etter 1. januar 2005 kan ein køyre traktor med tilhengar som har tillaten totalvekt høgst 25 000 kg og er konstruert for høgst 40 km/t, jf. § 3-11 andre ledd i førerkortforskriften.*

Dette alternativet løyser heller ikkje dei utfordringane Norges Bondelag peikar på, ettersom førarretten er avgrensa til å gjelde for traktorar som er konstruert for høgst 40 km/t.

- *Med førarkort klasse C1 frå etter 1. januar 2005 kan ein køyre traktor som går over 40 km/t så lenge tillaten totalvekt er maks 7500 kg. Ein kan også køyre over 40 km/t med tilhengar, men då må tilhengaren ha tillaten totalvekt høgst 750 kg. Har tilhengaren større tillaten totalvekt, må baa køyretøya vere konstruert for høgst 40 km/t, jf. § 3-8 andre ledd i førerkortforskriften.*

Ein del som driv med for eksempel brøyting med traktor som går over 40 km/t, vil ha nytte av dette alternativet, ettersom dei køyrer utan tilhengar eller tilhengarreiskap. I landbruket er det svært aktuelt å ha tilhengar eller tilhengarreiskap ved køyring på veg. Dessutan er det meir og meir vanleg at traktorane har tillaten totalvekt over 7500 kg.

- *Med førarkort klasse C1E kan ein jyøre traktor med tillaten totalvekt høgst 7500 kg som går over 40 km/t med tilhengar som har tillaten totalvekt over 750 kg, jf. 3-13.*

Med denne førarkortklassen kan, til ein viss grad, vera eit rimelegare og enklare alternativ til å ta førarkort i klasse CE, for å få køyre traktor og tilhengar som går over 40 km/t. Likevel, som nemnt over, det er meir og meir vanleg med traktorar som har tillaten totalvekt over 7500 kg, og opplæringa i denne klassen vil også kunne opplevast som til dels lite formålstenleg, omfattande og dyr.

- *Med førarkort klasse C kan ein køyre traktor utan spesielle fart og vektgrenser, jf § 3-7 i førerkortforskriften. Eventuell tilhengar kan ikkje ha tillaten totalvekt over 750 kg.*

Ein del som driv for eksempel med brøyting og reingjering av gater og vegar der dei brukar reiskap som traktoren ber, og ikkje dreg etter seg på hjul, vil ha nytte av denne førarkortklassen.

- *Med førarkort klass CE kan ein køyre traktor og tilhengar utan andre farts- og vektgrenser enn dei som følgjer av anna regelverk, jf. § 3-12 i førerkortforskriften.*

3. Behovet landbruksnæringa hevdar å ha for å bruke traktorar som går inntil 50 km/t.

Bondelaget peikar på at norsk landbruk har endra seg mykje sidan noverande førarkortreglar vart innført i 2005 i retning av færre bruk og større einingar, noko som fører til meir transport mellom areala som er i bruk.

Landsomfattande materiale som dokumenterer transportbehovet, eller utvikling i dette, er ikkje kjent, men i Vestfold har «Jordleieprosjektet» nyleg gjort ferdig ein rapport om køyreavstand mellom eig og leigd jord. Vestfold Bondelag står bak prosjektet, som er finansiert med BU-midlar. I arbeidsgruppa har det vore representantar frå Sandefjord kommune og fylkesmannen i Vestfold. Av rapporten går det fram at

- «I utgangspunktet er kjøreavstand kortere enn antatt»
- i gjennomsnitt er køyreavstanden til leigd jord 4,6 km
- i gjennomsnitt er køyreavstanden til all jord 2,2 km

Sjølv om dette i fyrste omgang ikkje ser ut til å vere store avstandar, er total transportlengde (registrert kjøreavstand x talet på turar fram og tilbake prøver år) til tilleggsjorda i Vestfold ca. 280 000 km som svarar til 7 gonger rundt jorda ved ekvator. Det kan vere grunn til å tru at avstandar og samla transportlengde er større i andre delar av landet.

Det kan sjå ut til å vere lite tid å vinne ved å køyre korte turar litt fortare, men gevinsten sjølvstapt bli tydelegare om ein ser eit år under eitt. Det er også forståeleg at ein i tillegg kan oppleve fordelene ved å kunne køyre med høgare fart når ein har det travelt, som større enn den reelle.

I norsk landbruk finst det alt fleire tusen traktorar som er konstruert for høgare fart enn 40 km/t, som det kan vere utfordrande å rekruttere førarar til.

Nøyaktig kor mange traktorar det handlar om, er i praksis vanskeleg å finne ut. Grunnen til dette er at det tidlegare ikkje vart skilt på om traktoren var konstruert for under eller over 40 km/t ved registrering. Slik ordninga er no, blir vanlege traktorar som går høgst 40 km/t registrert med teknisk kode T1, medan dei som er konstruert for over 40 km/t, får teknisk kode T5. Det går ikkje fram om køyretøyet går høgst 50 km/t eller meir.

I åra 2004-2010 vart det til saman registrert 15 169 traktorar med kode T1 og 3058 med kode T5. Dei to siste åra er det kvart år registrert litt over 3 000 traktorar med kode T1, og om lag 1200 med kode T5. Tala viser at salet av traktorar som går over 40 km/t er aukande.

Samla er det registrert om lag 21 000 traktorar med kode T1 og om lag 5 500 med kode T5 etter 2005. Blant dei 207 589 traktorane som vart registrert før 2005, er det også mange som går over 40 km/t. Det er grunn til å tru at det er i bruk 6-8 000 traktorar som går over 40 km/t, og at dei fleste av desse går høgst 50 km/t.

Personar som har førarrett i klasse T eller B frå før 1. januar 2005, kan køyre alle slags traktorar uavhengig av kva slag fart dei er konstruert for. Dei som har fått førarrett etter denne dato, må ta førarkort i klasse C eller CE for å køyre traktorar som har tillaten totalvekt over 7500 kg. Då kan dei også køyre traktor som går fortare enn 40 km/t. I tillegg til kostanden ved å ta førarkort i desse klassane, er alderskravet på 21 år til hinder for at yngre personar som er knytt til landbruket, kan køyre slike traktorar lovleg. Traktorar med tillaten totalvekt ikkje over 7500 kg kan køyrast med klasse C1, eventuelt C1E dersom traktoren har tilhengar. I klasse C1 og C1E må ein vere 18 år for å kunne få førarkort.

4. Kostnader landbruksnæringa hevdar å ha ved at førarrett klasse T berre gjeld traktorar som går inntil 40 km/t

Norges Bondelaget skriv i brevet sitt til Samferdselsdepartementet 3. mai 2011 at ein stadig større del av produksjonskostnadene er knytt til køyring mellom dei areala den enkelte har i drift. Sjølv om vi ikkje har greidd å finne tal for kor mykje denne transporten har auka i seinare år, finn vi det sannsynleg at det er store kostnader knytt til transport, jf. pkt. 5, og at desse er aukande.

Skal alle 50 km/t-traktorane som er i bruk, og som det er ynskeleg å ta i bruk for å effektivisere transportarbeidet, kunne køyrast lovleg, må mange personar ta førarkort i tyngre klasser. Bondelaget meiner difor at noverande førarkortreglar er kostnadsdrivande for landbruket.

Å ta førarkort i alle dei tyngre førarkortklassane er omfattande, spesielt for klasse C og CE. Det følgjer betydelege utgifter med dette, så sant opplæringa ikkje blir teken som del av yrkessjåføropplæring i offentleg skule. Med utgangspunkt i dei prisane trafikkskular som driv opplæring i dei tyngre førarkortklassane har på nettsidene sine, og rundspørjing til nokre av skulane, meiner vi kostnaden for å oppnå førarrett i klasse CE varierer frå knapt 50 000 til godt 70 000 kroner avhengig bl.a. av kvar i landet ein tek opplæringa. For klasse C er kostnaden 25 – 30 000 kroner lågare. Dei prisopplysningane vi har fått, gjev altså noko lågare kostnader enn dei Noregs Bondelag går ut frå.

5. Moglege kostnader knytt til å kjøre 50 km/t med traktor

I fagmiljøet har det vore peikt på at transport med traktorar som går 50 km/t, kan vere dyrare enn med traktor som går saktare. I eit lesarinnlegg i bladet Traktor nr 6 2011 blir det gjeve følgjande eksempel:

«En traktor som går 50 km/t, koster et sted mellom 40 000 og 80 000 kroner mer enn den som går 40 km/t. Skal en greie å holde 50 km/t må en gå opp i traktorstørrelse for å få nok effekt. Hva det koster, er avhengig av modeller og merke.

En tilhenger som kan gå 50 km/t, koster mellom 30 000 og 40 000 kroner mer enn en som bare kan kjøres 40 km/t. En tilhenger som skal kunne kjøres over 40 km/t, må bl.a. ha kastastrofeprems, bremsekraft som justeres etter lasta og underkjøringsvern.

Kjørere en 5000 kilometer etter veg per år (og det er mye), bruker en 100 timer dersom en greier å holde 50 km/t og 125 timer dersom en kjører 40 km/t.

Om en tar i forsiktig og sier at det koster 100 000 kroner mer for å få traktor og henger for 50 km/t, koster det årlig i rentetap og avskrivning minst 10 000 per år, avhengig av rentefot. Det betyr at en har 400 kroner per time for å kjøre de 25 timene i 40 km/t. I tillegg må en regne med å ha større kostnader til dekk og bremseser.»

Etter vårt syn er det rett å ha kostnader som lesarinnelegget peikar på, med i reknestykket når ein vurderer transport med traktor og nytten av å endre førarkortreglane.

6. Tilhengarar og hjulgåande reiskap er for det meste konstruert for 40 km/t eller mindre

Utfordringane når det gjeld effektiv transport i landbruket blir ikkje utan vidare løyst ved å utvide førareten for traktor til 50 km/t, ettersom tilhengarar og hjulgåande reiskap i stor grad ikkje er konstruert for så høg fart. Etter opplysningar frå bl.a. maskinleverandørar er det relativt få tilhengarar i landbruket i dag som er konstruert for å trekkjast fortare enn 40 km/t. Det gjeld andre tekniske krav til tilhengarar og tilhengarreiskap som kan trekkjast i 50 km/t enn dei som kan gå 40 km/ eller mindre, for eksempel er det krav om fjøring, jf. også det som er nemnt under pkt. 5. Tilhengarar utan fjøring som vart registrert før 1. januar 2005, vart godkjent for berre 30 km/t. Til vanleg blir slike tilhengarar etter denne datoen godkjende for 40 km/t. Gjødselvogner, slodder, såmaskiner, slåmaskiner og annan reiskap som blir transportert på eigne hjul etter traktor på veg, er i ofte framleis konstruert for høgst 30 km/t, i somme tilfelle berre for 25 km/t.

7. EU-direktiv og norske

EUs førarkortdirektiv gjev reglar om internasjonale førarkortklasser, dvs. førarkortklasser som landa gjensidig godkjenner. Direktivet gjeld i utgangspunktet alle kjøretøy som er motordrivne, men det er gjort unntak for jord- og skogbrukstraktor.

Når eit land finn at dei ordningane direktivet fastset, ikkje fyller dei nasjonale behova landet har, kan landet ha eigne ordningar. Nasjonale ordningar vil gjelde berre på nasjonalt territorium. Det finst fleire eksempel på at landa har slike nasjonale reglar. Slik sett er ikkje førarkortdirektivet til hinder for ei eige norsk førarkortordning for traktorar som går høgst 50 km/t.

Då gjeldande norske førarkortreglar vart utforma gjekk det for seg eit arbeid for å standardisere europeiske traktorar for jord- og skogbruk. I høyringsnotatet i samband med endringane i norsk forskrift i 2004, står det at «EUs typegodkjenningsdirektiv for traktor (direktiv 2003/37/EF) indikerer at 40 km/t **kan** være en aktuell hastighetsgrense». I kjøretøyforskriften § 2-4 nr. 5 heiter det at jord- og skogbrukstraktor som er godkjent fyrste gong før 1. juli 2005, skal «...ha en konstruktiv hastighet mellom 6 og 40 km/t» med tilvising til ulike kjøretøytekniske direktiv. Dette er bakgrunnen for at norsk førarkort klasse T gjeld for traktorar som går høgst 40 km/t. Traktorar som er konstruert for høgare fart, kan kjørast med førarkort for person bil, lett lastebil eller lastebil alt etter totalvekta som dei enkelte traktorane måtte ha.

Nyare EU-direktiv avgrensar ikkje jord- og skogbrukstraktorar til 40 km/t, det gjer heller ikkje norske kjøretøyforskrifter.

8. *Kva slags løysingar har andre land når det gjeld førarrett for traktor?*

Danmark

I Danmark kan ein ta førarkort for traktor når ein er 16 år. Førarkort i klasse B gjev rett til å køyre traktor. Slik vi forstår dansk regelverk, er det ikkje krav om opplæring. Traktor kan ikkje køyrast fortare enn 30 km/t på veg.

Sverige

I Sverige kan ein ta «traktorkort» når ein er 16 år. Det går an å søkje om unntak slik at ein kan ta prøva når ein er 15 år. Det er berre tale om teoretisk prøve, ikkje praktisk. Førarkort klasse AM (moped) gjev også rett til å kjøre traktor.

Myndighetene i Sverige opplyser at landet ikkje har traktorar som går over 40 km/t

Finland

Finland har nyleg innført ei ordning med to førarkortklasser for traktor, klasse T for traktorar som går høgst 40 km/t, klasse LT for traktorar som går høgst 50 km/t:

For å kunne få førarkort i klasse T må ein vera 15 år og greie teoretisk prøve. Det er ikkje krav om obligatorisk opplæring eller praktisk prøve. Førarkort i klasse A1, A2 og B gjev også rett til å køyre traktor.

For å kunne få førarrett i klasse LT må ein vera 18 år og greie både teoretisk og praktisk prøve. Heller ikkje i denne klassen er det obligatorisk opplæring bortsett frå tilpassa

yrkessjåføropplæring for dei som skal køyre traktor til annan transport enn i landbruket. Førarkort klasse C1 og C gjev også rett til å køyre traktor.

Tyskland

I Tyskland kan ein får førarrett for traktor som går høgst 40 km/t når ein er 16 år, for traktor som går høgst 60 km/t når ein er 18 år.

Austerrike

I Austerrike kan ein ta førarkort for traktor når ein er 16 år, men det gjeld visse avgrensingar. Frå ein er 18 år er det lov å køyre traktorar som går høgst 50 km/t.

9. Vurdering av trafikksikkerheit

Køyreeigenskapane til traktorar og tilhengarar som går høgst 50 km/t er på mange måtar tilsvarande, eller litt betre, enn for traktorar som er konstruert for berre 40 km/t. Så godt som alle traktorar som går høgst 40 km/t, manglar fjøring. Dei fleste traktorar som går 50 km/t, har fjøring på framakselen. Dette vil, ein viss grad, både gjere dei behagelegare og sikrare å kjøre.

Bremsene på traktorar og tilhengar til traktor er i stor grad konstruerte fyrst og fremst for å stanse med. Dei tåler vedvarande bremsing relativt dårleg, og kan ved feil bruk lett både bli varmkjørte og miste effekt. Dette gjeld både for køyretøy som er konstruerte for 40 km/t og dei som er godkjende for 50 km/t, men problemet vil vere større med aukande fart. Tilpassing av bremseeffekta mellom traktor og tilhengar slik at båe kjøretøya bremsar si eiga vekt mest mogleg effektivt, er vanskelegare å få til på traktor med tilhengar enn når det gjeld lastebil og tilhengar. Dette kan føre til lengre stopplengde, ujamn bremseslitasje og skrens.

Det følgjer auka risiko med større fart i form av at rørsleenergien, og dermed skadepotensialet, aukar kvadratisk med fartsauken. Eksempelvis er rørsleenergien i ein kombinasjon av traktor med tilhengar som har 25 000 kg samla totalvekt og held 40 km/t om lag 10 % mindre enn i ein kombinasjon av personbil og tilhengar som held 80 km/t. Aukar farten på same kombinasjonen traktor og tilhengar til 50 km/t, aukar rørsleenergien til å bli 40 % større enn det personbilen med tilhengar i 80 km/t har.

Målretta opplæring med bakgrunn i opplæring som alt er gjennomført for å oppnå førarett i klasse T og BE, og erfaring frå å kjøre kjøretøy desse førarkortklassane gjev førarett til, vil kunne vege opp for den eventuelle auka risikoen kjøretøy som går fortare, kan innebere.

10. Kva eventuelle endringar kan få å seie utanfor tradisjonell landbruksnæring

Ein utvida førarrett for traktor kan få ein konkurransevridande effekt ved at det blir lågare opplæringskrav for å drive transport med traktor og tilhengar enn for eksempel med lett eller tung lastebil. Transport med køyretøy som krev førarkort i klasse C1 eller C, kjem per definisjon inn under yrkestransportforskrifta, medan transport med traktor ikkje gjer det.

Norges Lastebilforbund har tidlegare fremja synspunkt om at traktoren har klare konkurransefortrinn samanlikna med lastebil ettersom traktorar kan køyrast på avgiftsfri diesel, det er ikkje krav om vektårsavgift, løyve og periodisk kontroll. I tillegg, hevdar forbundet, er traktor i praksis unnateke krava om kjøre- og kviletid. Det er nødvendig å vurdere dette spørsmålet nærmare i samband med endringar i yrkestransportforskrifta som er planlagt sendt på høyring 1. januar 2014.

11. Framlegg til ordning for å kunne kjøre traktor som går høgst 50 km/t

Med bakgrunn i det vi har gjort greie for over, finn Vegdirektoratet å kunne gjere framlegg om at førarrett for traktor kan utvidast til å gjelde traktorar som går høgst 50 km/t for den som har fylt 18 år og gjennomfører tilleggsopplæring. Tilleggsopplæringa skal leggje til rette for utvikling av nødvendig tilleggskompetanse. Den utvida av førarretten skal gå fram av førarkortet ved at det blir påført kode.

Etter vår vurdering er det ikkje forsvarleg å utvide førarretten i klasse T frå å gjelde traktorar som går høgst 40 km/t til å gjelde for traktorar som går høgst 50 km/t utan vidare, fyrst og fremst pga. at noverande opplæring ikkje er retta mot traktorar som går så fort. Vi meiner heller ikkje at det er rett å utvide opplæringa for å ta førarkort i klasse T til å omfatte 50 km/t – traktorar. Dette ville gje dyrare opplæring sjølv om ein berre ynskjer førarrett for traktor som går høgst 40 km/t. Ei slik utviding ville i tilfelle måtte føre til ein måtte vurdere om førarrett i klasse BE framleis skulle gje førarrett i klasse T utan tilleggsopplæring spesielt retta mot å køyre traktor, og moglege kompliserte overgangsordningar.

Slik vi ser det, er det rett å setje krav om at ein må vere 18 år for å kunne utvide førarretten i klasse T til å gjelde for traktorar som går høgst 50 km/t. Dette legg til rette for å skaffe seg erfaring med traktorar som berre går høgst 40 km/t, før ein få køyre dei som går 50 km/t. Det blir likevel ikkje sett krav om erfaring. Så langt vi kjenner til, har alle land som har innført eigne førarkortordningar for traktorar som går over 40 km/t, krav om 18 års alder. Dette ser også ut til å vere i tråd med synet til dei fleste har som delteke i ordskifte om spørsmålet på kommentarsidene til landbruksfaglege tidskrift og blad, her i landet.

Ved å gjere det mogleg å skaffe seg førarrett til å kjøre traktorar som går høgst 50 km/t gjennom tilleggsopplæring, vil kostnaden for slik opplæring berre måtte berast av dei som har reelt behov for slik opplæring. Tilleggsopplæringa vil kunne byggje på gjennomført føraropplæring eller førarrett i klasse T eller BE.

Slik det er i dag, har den som har teke opplæring og greidd førarprøve i klasse T fått førarretten avgrensa til 25 000 kg til vedkommande har hatt førarrett i klasse T i to år eller er fylt 21 år, jf. 3-18 i førerkortforskriften Den som har førarrett i klasse BE, har også rett til å køyre traktor og tilhengar, men då er totalvekta alltid avgrensa til 25 000 kg, jf. § 3-11 i førerkortforskriften. Etter vår vurdering bør denne avgrensinga i samla totalvekt stå ved lag sjølv om vedkommande utvidar førarretten til å gjelde traktor som går høgst 50 km/t gjennom tilleggsopplæringa.

Førarrett på grunnlag av tilleggsopplæring vil ikkje føre til behov for fleire førarprøver, noko som kan vera ein fordel med tanke på kapasiteten trafikkstasjonane har når det gjeld prøveavvikling. Ei slik ordning er dessutan i tråd med ein tradisjon for tillit til at det er mogleg å utvikle trafikal kompetanse og redusere risiko gjennom opplæring utan å alltid rette opplæringa mot bestemte prøvekrav. Slik vil denne løysinga vera i samsvar med tidlegare innførte ordningar for førarrett i klasse M 146, M147, B kode 96 og gradvis tilgang til førarrett i klasse A.

Av tekniske grunnar ynskjer vi å unngå ein ny førarkortklasse og heller synleggjere utvida førarrett ved ein kode på førarkortet knytt til eksisterande førarrett i klasse T eller klasse BE. Førarkortet er utforma i tråd med EU-normer. Førarkortklassene går fram av framsida på førarkortet. Her er det berre eit bestemt tal linjer, som i praksis alt er fullt utnytta. Koder kan knytast til eksisterande klasser på baksida av førarkortet, der det er betre plass.

Slik vi ser det, vil dei mest aktuelle tema i ei tilleggsopplæring vere

- Kjøreegenskapar og risiko - traktor og tilhengar/tilhengarreiskap
- Bremsar, konstruksjon, tilpassing og bruk
- Tilhengarkopling
- Lastsikring
- Samhandling med andre trafikantar med traktor som går fort

12. Overgangsordningar

Utvida førarrett for traktor som går høgst 50 km/t gjennom tilleggsopplæring, utan å endre kva gjeldande opplæring og førarprøve i klasse T og klasse BE gjev førarrett for, gjer at det ikkje blir nødvendig å innføre overgangsordningar for dei som har førarrett i klasse T eller klasse BE, frå før.

13. Førarrett for motorreiskap

I gjeldande regelverk er førarrett for traktor og motorreiskap som er konstruert for fart ikkje over 40 km/t, likestilt. Dette er tenkt vidareført, og ordninga med utvida førarrett for traktor som går ikkje over 50 km/t, skal ikkje gjelde tilsvarande for motorreiskap.

14. Unntak frå førarkortplikta

Etter førerkortforskriften § 12-1 gjeld følgjande unntak frå førarkortplikta for kjøring utanfor veg, på privat veg og ved kryssing av offentleg veg: «Traktor og motorredskap med konstruktiv hastighet ikke over 40 km/t, med eller uten tilhenger kan føres av person som har fylt 16 år og har for den nødvendige ferdighet». Det blir ikkje gjort framlegg om å endre dette.

15. Økonomiske og administrative konsekvensar

Som nemnt ovanfor, vil den ordninga vi gjer framlegg om, berre gje auka utgifter for den som ynskjer å utvida førarretten til å gjelde for traktorar som går høgst 50 km/t. Ettersom kurset det er tale om er på berre fem timar, vil kostnaden kunne bli moderat.

Vi ser for oss at kurset skal kunne gjennomførast utan at trafikkskulane investerer i nye køyretøy. Det er ikkje lagt inn individuell praktisk øving som må gjennomførast på trafikkskule i ordninga. For å få tilgang til aktuelle demonstrasjonskjøretøy, ser vi for oss at trafikkskulane skal kunne etablere samarbeid med for eksempel maskinleverandørar.

For Statens vegvesen vil ordninga i liten grad føre til ekstra utgifter ettersom det ikkje skal vere førarprøve etter fullført opplæring. Meirarbeidet for etaten vil i hovudsak vere knytt til tilsyn med trafikkskulane som tilbyr denne opplæringa

16. Framlegg til endringar i trafikkopplæringsforskrifta og førarkortforskrifta med vedlegg

I forskrift og trafikkopplæring og førerprøve får Kapittel 15. Klasse T får følgjande tillegg:

§ 15-6 Utvidelse fra klasse T til klasse T kode 141 og fra klasse T kode 144 til klasse T kode 148

Ved utvidelse av førerretten fra klasse T til T kode 141 eller fra klasse T kode 144 til T kode 148 skal eleven gjennomføre sikkerhetskurs for klasse T kode 141 og klasse T kode 148, jf. § 15-7 og § 15-8. Det forutsettes førerrett i klasse T eller T kode 144 før kurset påbegynnes.

§ 15-7 Sikkerhetskurs klasse T 141 og klasse T 148

Kurset er på 5 undervisningstimer og kan gjennomføres med inntil 16 elever.

§ 15-8 Kursmål for sikkerhetskurs klasse T 141 og klasse T 148

Eleven skal gjennom opplevelser, erfaring, praktiske øvelser, demonstrasjoner, gruppearbeid, refleksjoner med medelever og lærer videreutvikle sin kompetanse til å kjøre traktor med tilhenger slik at ulykker unngås.

Eleven skal

1. forstå risikoen ved å kjøre traktor og tilhenger som går 50 km/t
2. tilegne seg kunnskap om konstruksjon og kjøreegenskaper til tunge og raske traktorer med tilhenger
3. utvikle sin kompetanse, spesielt med tanke på oppfatting av risikosituasjoner i ulike trafikkmiljø og samhandling med andre trafikanter

4. kunne sette ord på egne erfaringer og med bakgrunn i disse kunne vurdere sin egen dyktighet til å kjøre traktor med tilhenger og muligheter for forbedring.

I forskrift om førerkort m.m. blir det gjort slike endringer:

§ 3-1 femte ledd ny nr. 4, 5 og 6 skal lyde:

4. Klasse T - kode 141, Traktor med konstruktiv hastighet 41-50 km/t, med eller uten tilhenger, begrenset totalvekt – 18 år.

5. Klasse T - kode 141, Traktor med konstruktiv hastighet 41-50 km/t, med eller uten tilhenger, ubegrenset totalvekt – 21 år eller 2 års kjørerfaring.

6. Klasse T – kode 148, Traktor med konstruktiv hastighet 41-50 km/t, med eller uten tilhenger, med samlet maksimal tillatt totalvekt ikke over 25 000 kg – 18 år.

§ 3-18 nytt annet og tredje ledd skal lyde:

Førerrett i klasse T kode 141 gjelder for kjøring i Norge med traktor med konstruktiv hastighet 41-50 km/t med eller uten tilhenger. Frem til førerkortinnehaveren har to års erfaring eller fyller 21 år, er førerretten begrenset til traktor med eller uten tilhenger, med samlet maksimal tillatt totalvekt ikke over 25 000 kg.

Førerrett i klasse T kode 148 gjelder for kjøring i Norge med traktor med konstruktiv hastighet 41-50 km/t, med eller uten tilhenger, med samlet maksimal tillatt totalvekt ikke over 25 000 kg. Dette gjelder for personer som har tatt tilleggsopplæring etter erverv av klasse T kode 144 i kraft av klasse BE.

I vedlegg 4 Førerkortkoder gjøres følgende endringer:

Ny kode 141 skal lyde:

141 Rett til å kjøre traktor med konstruktiv hastighet 41-50 km/t, med eller uten tilhenger

Ny kode 148 skal lyde:

148 Rett til å kjøre traktor med konstruktiv hastighet 41-50 km/t – tillatt totalvekt ikke over 25 000 kg, med eller uten tilhenger

17. Tillegg i læreplan for førarkortklasse T

Læreplanen for førarkortklasse i T får nytt tillegg for opplæring til klasse T kode 141 og T kode 148:

Obligatorisk opplæring førerkort klasse T kode 141 og klasse T kode 148

Ved utvidelse fra klasse T til klasse T kode 141 og klasse T kode 148 skal eleven gjennomføre sikkerhetskurs for klasse T kode 141 og klasse T kode 148, jf. § 15-7 og § 15-15-8

Kurset er obligatorisk og omfatter 5 timer.

§ 15-8 Kursmål for sikkerhetskurs på veg

Eleven skal gjennom opplevelser, oppgaver, demonstrasjoner, drøftinger og refleksjoner videreutvikle sin kompetanse til å kjøre traktor med tilhenger slik at ulykker unngås.

Eleven skal

1. forstå risikoen ved å kjøre traktor og tilhenger som går 50 km/t
2. utvide sin kunnskap om konstruksjon og kjøreegenskaper til tunge og raske traktorer med tilhenger og redskap, og bli mer bevisst på riktig bruk av kjøretøyene på bakgrunn av denne
3. utvikle sin kompetanse, spesielt med tanke på oppfatting av risikosituasjoner i ulike trafikkmiljø og samhandling med andre trafikanter

Tema 1 Risikoen ved å kjøre traktor og tilhenger som går 50 km/t

Eleven skal forstå risikoen ved å kjøre traktor som går 50 km/t

Hovedmomenter

- Risikoforhold ved å kjøre traktor og tilhenger
- Ulykker
- Krefter og bevegelsesenergi

Tema 2 Konstruksjon og kjøreegenskaper til tunge og raske traktorer

Eleven skal utvide sin kunnskap om konstruksjon og kjøreegenskaper til tunge og raske traktorer med tilhenger og redskap, og bli mer bevisst på riktig bruk av kjøretøyene på bakgrunn av denne.

Hovedmomenter

- Konstruksjon
- Bremseser
- Styring
- Tilhengerkoplinger
- Kjøreegenskaper
- Tilhengerredskaper
- Annen redskap

Tema 3 Oppfatting av risikosituasjoner og samhandling med andre trafikanter

Oppfatting av risikosituasjoner

- Informasjonsinnhenting
- Myke trafikanter
- Kjøremåte i forbindelse med kryss
- Kjøremåte i boligmiljø, tettsteds- og bymiljø
- Vending og rygging
- Kjøring på landeveg
- Kjøring på glatt føre, montering og bruk av kjetting
- Transport av landbruksmaskiner
- Bruk av lys og lysutstyr
- Merking
- Samhandling, herunder forutse, oppfatte og motvirke risiko for møteulykker, bli forbikjørt og kjøre forbi.

Kommentarer til sikkerhetskurs for klasse T kode 141:

Grunnlaget for kurset er at eleven har gjennomført føreropplæring til klasse T eller BE, og i mange tilfelle har erfaring fra å kjøre kjøretøy i disse førerkortklassene.

Trafikkskolen bør samarbeide med maskinfirma eller liknende for å få tilgang kjøretøy og utstyr som er hensiktsmessig for å gi opplevelse av hva bruk av tunge, raske traktorer innebærer, og gjennomføre aktuelle demonstrasjoner og øvinger.

For å nå målene i opplæringen må læreren tilrettelegge undervisningen slik at elevene får opplevelser som både gir økt kunnskap og, sammen med tidligere opplæring og erfaringer er egnet for samtale og refleksjon.

Med tanke på å utvikle risikoforståelse må det på en enkel måte gis innsikt i grunnleggende fysikk og hvilket skadepotensiale tunge, raske traktorer representerer. Det er viktig å få fram hvordan traktorer, tilhengere og redskaper er konstruert med vekt på bremses, styring, tilhengerkoplinger og kjøreegenskaper. For å utvikle kompetanse i å kjøre med lav risiko og i god samhandling med andre trafikanter, er det viktig å kunne aktuelt regelverk, drøfte hvordan situasjoner som kan medføre fare, kan oppdages tidlig og planlegge kjøringa slik at andres behov tas tilstrekkelig hensyn til.